



Prestar i kyrkjeleg stilling med arbeidsstad i
Bjørgvin

Dato: 20.12.2018

Vår ref: 17/04754-19

Dykkar ref:

Kyrkjevalet 2019 i Bjørgvin - Val av medlemmer til nominasjonskomiteen for prestar og oppmoding om å foreslå kandidatar til bispedømerådet

Hausten 2019 skal det vera kyrkjeval. Det skal då veljast bispedømeråd for perioden 1. januar 2020 – 31. desember 2024. Bispedømerådet har sju leke medlemmer, ein lek kyrkjeleg tilsett og ein prest. Biskopen er i tillegg fast medlem.

Om bispedømerådet sine oppgåver seier kyrkjelova § 23 at rådet skal ha merksemda si på alt som kan gjerast for å vekke og gje næring til det kristelege livet i kyrkjelydane, og det skal fremja samarbeidet mellom dei enkelte sokneråda og andre lokale arbeidsgrupper i bispedømet. Medlemene i bispedømerådet utgjer også Bjørgvin sine medlemmer i Kyrkjemøtet, Den norske kyrkja sitt høgste organ.

Bispedømerådet har om lag åtte møte i året. Eit verv i rådet krev evne til å setja seg inn i store og til dels kompliserte saker, god kjennskap til Den norske kyrkja og eit ønskje om å vera med å leia kyrkja. Både unge og erfarne vil ha mykje å gje i eit slikt arbeid. Dei vil få vera med på å tilsetja prestar, arbeida med strategi og økonomi, gudstenesteliv, rammer for arbeidet i sokna og kyrkjepolitiske saker. I den komande valperioden skal truleg ny kyrkjeordning på plass, og kyrkja skal som alltid finna ut kva det vil seia å vera kyrkje i ei tid prega av endring.

Desse har stemmerett og forslagsrett (Kyrkjevalsreglane § 2-3)

(1) Stemmerett ved val av prest til bispedømeråd og Kyrkjemøtet har prest i Den norske kyrkja som oppfyller følgjande vilkår:

- a. vedkommande er tilsett i ein fast ordna kyrkjeleg prestestilling,
- b. vedkommande er ordinert prest og
- c. vedkommande har ei stilling på minst 15 timar i veka.

(2) Med fast ordna kyrkjeleg prestestilling meiner ein ei stilling som er organisert som ei prestestilling, kor det inngår i oppgåvene til stillinga å gjennomføre gudstenester og kyrkjelege handlingar. Dette gjeld mellom anna institusjonsprestar, sjukehusprestar, studentprestar, feltprestar og kyrkjelydsprestar. Det same gjeld vikarprestar tilsett i eit vikariat på minst eitt år. Prestevikarar og ordinerte prestar som ikkje er i ordna prestestilling

fell utanom. Prest i Den norske kyrkja som er generalsekretær i ein organisasjon tilknytt Den norske kyrkja, har også stemmerett ved val av prest.

(3) For å utøve stemmeretten må veljaren vere innført i manntalet for prestar på valdagen.

(4) Stemmeretten blir utøvd i det bispedømet personen med stemmerett er tilsett. Døveprestane har forslags- og stemmerett ved val av prest til Oslo bispedømmeråd.

(5) Ved permisjon som varer under eitt år vil vedkommande framleis ha stemmerett som prest, men det vil vere den som vikarierer i stillinga, som deltek i valet av nominasjonskomité og som har forslagsrett, dersom vedkommande elles fyller krava.

Nominasjonskomité

Det skal veljast nominasjonskomité for nominasjon av geistlege kandidatar til bispedømerådsvalet. Komitéen skal ha ein representant frå kvart prosti, og det må haldast prostivise møte innan 1. mars 2019 for å velja desse representantane.

Val av medlem til nominasjonskomitéen for prestane kan skje på prestekonvent eller andre møte i prostiet der alle prestane er samla. Valrådet ber prosten kalla inn prestane og senda valrådet dato for møtet der prostiet sin medlem av nominasjonskomitéen vert valt. Også andre prestar i ordna kyrkjeleg stilling som har sin arbeidsplass innanfor grensene til prostiet skal kallast inn til dette valmøtet (fellesrådstilsette prestar, feltprestar, sjukehusprestar, studentprestar og prestar i organisasjonar).

Det skal veljast éin medlem og éin varamedlem frå kvart prosti. Ein bør leggja vinn på å få yngre prestar og begge kjønn representerte. Komitéen vel sjølv kven som skal vera leiar.

Medlemer av bispedømerådet kan ikkje vera med i nominasjonskomitéane.

Det må påreknast 1 – 2 møte i Bergen i tidsrommet 1. mars – 30. april .

Reise og opphald blir betalt av bispedømerådet. Ein kan også søkja om å få dekka tapt arbeidsforteneste i dei tilfella der det er aktuelt.

Geistlege kandidatar til bispedømerådet

Valrådet vil med dette oppmoda prestane i bispedømet om å senda inn forslag til kandidatar til å stå på lista ved bispedømerådsvalet innan 1. mars. Det er desse kandidatforslaga nominasjonskomitéen får som grunnlag for å laga si valliste på fem kandidatar som skal vera klar innan 30. april og presenterast i alfabetisk rekkefølge.

Etter at lista er godkjend og offentleggjord, kan prestar med stemmerett i bispedømet, minst ti i talet og med representasjon frå minst to prosti, fremme alternative kandidatar i ein supplerande nominasjon ved val av prest. Fristen for dette er 5. juni 2019. Kvar gruppe av forslagsstillarar kan berre nominere ein kandidat.

Dei som vert føreslegne skal på førehand spørjast om dei er viljuge til å lata seg nominera. Av omsyn til nominasjonskomitéen sitt arbeid, bør det følgja ein liten stikkordsmessig presentasjon av kandidaten saman med ei grunngjeving på kvifor vedkommande bør bli nominert.

Gyldige framlegg på kandidatar må innehalda nødvendige opplysningar:

- Fullstendig namn og adresse, telefon og e-post.
- Fødselsdato
- Stilling og arbeidsgjevar
- Ei grunngjeving for kvifor vedkommande bør bli nominert.

Vi ber om at de fyller ut eit skjema på nettet for å registrera forslag til kandidatar. Siste spørsmålet i skjemaet, "Opplysningar om kandidaten", er meint som hjelp for nominasjonskomitéen. Her har de høve til å tala varmt om dykkar kandidat. Det som blir

skrive her kan bli brukt i valinformasjon seinare, så skriv slik at opplysningane kan vera offentlege.

Lenka finn du her: <https://response.questback.com/bjrgvinbispedmme/prestekandidat19>

Kandidaten vil seinare få tilsendt eit eige skjema der dei fyller inn meir detaljerte opplysingar om seg sjølv.

Framlegg til kandidatar med naudsynlege opplysningar må vera oss i hende seinast 1. mars. Forslag kan også sendast på e-post eller i posten til:

**Valrådet i Bjørgvin, Bjørgvin bispedømekontor,
Postboks 1960, Nordnes,
5817 Bergen**

E-post: bjørgvin.bdr@kyrkja.no

For spørsmål, kontakt seniorrådgjevar Jens Z. Meyer, jm532@kyrkja.no, tlf. 55 30 64 86

Meir informasjon om kyrkjevalet på <http://kyrkjevalet.no>

Med helsing

Jan Ove Fjellveit
stiftsdirektør

Jens Z. Meyer
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Prestar i kyrkjeleg stilling med arbeidsstad i
Bjørgvin